

		<h2 style="text-align: center;">MØTEREFERAT</h2> <p>STYREMØTE, onsdag 25. januar 2017 kl. 13-15 STAD: Olav Sletto-rommet i Holet bibliotek.</p> <p>Tilstades: Margarethe L'orange, Odd Oleivsgard, Maria Sønдрål, Ola Ruud, Grethe Larsgard Rudningen og Eva Amhjell.</p> <p>Referat: Grethe Larsgard Rudningen, 31.1.2017</p>
	Tema	Ansvar/Oppfølging
1	Årsmøtet 2017 Vika. Oppdatering av vedtektene. Sjå referat frå styremøte 16.11.2016.	Eva Almhjell- møterom bestilt. Margarethe L'orange – gjennomgang av styrets forslag til vedtektsendringar. Ho tek ansvar for innkalling, annonse og påminningsartikkel i Hallingdølen, kontakten med kåsøren m.m.. Styret samd og nøgd. Margarethe L. sender invitasjon frå OSS til folkehøgskolen på Gol til årsmøte-kåseriet. Maria S. og Grethe LR står for bevertninga.
2	Årsmelding 2016	Eva Almhjells utkast drøfta. Styret gjorde eit par endringar og var deretter samd om og nøgd med meldinga. Eva Almhjell har retta teksten etter styrets innspel.
3	Årshefte 2017	Eva Almhjell – uforbindtleg tilbod på trykking. Styret fann tilbodet frå Allkopi/Tønsberg ok. Eva Almhjell sørgjer for søknad til Hol kommune om støtte til trykking av Årshefte 2017. Men unntak av ein, som framleis arbeider på sin artikkel, har alle skribentane levert sine bidrag. Styret samd om form og innhald. Etter det styret kjenner til, er fire av medlemmene i Olav Sletto-selskapet gått bort i 2016. Styret samd om at minneord blir laga for personar som har gjort ein markert innsats i Olav Sletto-selskapet, og at minneordet skal stå fyrst i heftet. Eva Almhjell følgjer opp det som har å gjera med Årshefte 2017.
4	OLAV SLETTO-DAGEN 2017	Eva Almhjell- utkast til program. Samarbeid med Ål bibliotek om gjennomføringa av dagen. Stad: Nesch-museet i Ål kulturhus. Styret svært nøgd. Catering: Uforbindtleg tilbod frå fleire tilbydarar. Kjem attende til saka. Eva Almhjell følgjer opp OLAV SLETTO-DAGEN 2017, inkl. søknader. Styret samd om å finne fram til og invitere lesesirkklar i Hallingdal som arbeider med Sletto og Duun til OS-dagen.

5	Digitalisering av Sletto-arkivet	<p>Eva Almhjell – arkivboks 23: OS-talene ferdig digitalisert. Fyrste rapport til Hol kommune/Bygdearkivet levert. Arbeidsmåten vart demonstrert og ei "oppskrift" frå Eva A. delt med andre som no skal i gang med arkivarbeid.</p> <p>Vi held fram med arkivboksar som inneheld korrespondanse (boksane 18-22). Grethe tek boks 18, Margarethe arkivboks 19 og Eva boksane 20, 21, 22. Styret svært nøgd, og budd på tidkrevjande og interessant arbeid for resten av 2017!</p> <p>Styret var samd om å tilby Hol historielag eit par temaer frå Olav Slettos taler til "Under Hallingskarvet" 2017: Vigsla av orgelet i Hovet og innviing av Bygdahall samfunnshus. Tilbodet er sendt Hol historielag 25.1.17.</p>
6	Budsjett 2017	Eva Almhjell – utkast. Vi set tæring etter næring. Styret nøgd.
7	Rekneskapen – grove trekk	Kasserar Ola Ruud leverer detaljert rekneskap i februar. Styret nøgd.
8	Eventuelt:	<p>Utkast til årsplan 2017 for Olav Sletto-selskapet - med betalingsgiro for medlemskap - godkjent. Styret nøgd.</p> <p>"Nissen i Sletto": Styret svært nøgd med artikkelen som Hallingdølen trykte 5. juledag om "Nissen i Sletto". MS og EA arbeider vidare med å lage slike utskrifter frå Slettos bøker som er tilpassa ulike årstider og tema, og som vi kan tilby i ulike samanhengar.</p> <p>Styret drøfta grundig og godkjente deretter samrøystes svarbrev til Brit-Mari Sletto om tilbodet frå Boksmia/Olav Randen. Grethe sender svaret. Eva Almhjell forlet rommet under handsaminga av denne saka.</p>